



AURLAND
HAMNEVESEN KF

14.12.2023

Vedteke i Kommunestyre sak 105/2023

Pris- og forretningsvilkår
eks. cruise
2024



Innhald

1	Prisar	2
1.1	Farvassavgift	2
1.2	Kaivederlag eks. cruise, yachtar og lystfartøy	2
1.3	Kaivederlag yachtar og lystfartøy	2
1.4	Ankervederlag yachtar og lystfartøy	3
1.5	Passasjer- og køyretøyvederlag	3
1.6	Varevederlag	3
1.7	Avfallsgebyr	3
1.8	Straum og vatn	4
1.9	Lift og personell	4
2	Om farvassavgifta	6
2.1	Myndigheit	6
2.2	Mål	6
2.3	Innkrevjing av avgifta	6
2.4	Informasjonsplikt	6
2.5	Grunnlag for berekning	6
2.6	Betalingsplikt	6
2.7	Sjølvkost	6
3	Forretningsvilkår	7
3.1	Hamnetenester	7
3.2	Utøvande plikter for brukarar av hamnetenester	9
3.3	Generelle forretningsvilkår	9



1 Prisar

Følgjande prisar gjeld for 2024. For avtalevilkår, sjå kapittel 2 og 3. NB! Eigne pris- og forretningsvilkår for cruise.

1.1 Farvassavgift

Type	Eining	Einingspris
Farvassavgift	BT	kr 0.02
* Farvassavgift, minimum pris	per anløp	kr 200
**Farvassavgift, makspris	per måned	kr 1 000

** Farvassavgift, makspris gjeld fartøy med faste anløp til hamn som har fast kai- eller liggeplass i kommunen sitt sjøområde.

1.2 Kaivederlag eks. cruise, yachtar og lystfartøy

Type	Eining	Einingspris
Kaivederlag	BT pr. døgn	kr 1.00
* Kaivederlag, minimumspris	pr. døgn	kr 350

Prisane gjeld per påbegynte døgn. Etter første påbegynte døgn bereknast opp til 6 timar som ½ døgn, mens over 6 timar reknast som heilt døgn. Opplagsprisar etter avtale.

I tillegg kan følgjande rabatt innvilgast av hamnesjefen etter avtale.

Type	Eining	Rabatt
Nullutslepps framdriftssystem	Prosentpoeng	30 %

Rabattordninga gjeld bruk av anerkjent nullutsleppsteknologi som el- eller hydrogendrift. For hybridløysingar fastsetjast rabatt skjønsmessig mellom 0 og 30 prosentpoeng.

1.3 Kaivederlag yachtar og lystfartøy

Type	Intervall	Eining	Einingspris
<u>Flam Yachtkai</u>			
Yachtar og lystfartøy, minimumspris inntil 10 meter			kr 250
Yachtar og lystfartøy, minimumspris inntil 15 meter			kr 350
Yachtar og lystfartøy, minimumspris inntil 25 meter			kr 600
+ Av dei neste 15 meter	25 - 40	m	kr 125
+ Av dei neste	40 - 999	m	kr 250

For andre kommunale kaier med GoMarina, fleksibel prising ift. etterspurnad og tilgang på straum/vatn. Utanfor sommarsesong kan rabatterte kaivederlag for mindre yachtar og lystfartøy verte gjort tilgjengeleg gjennom GoMarina. Prisane gjeld per påbegynte døgn.



1.4 Ankerverderlag yachtar og lystfartøy

Type	Intervall	Eining	Einingspris
Yachtar og lystfartøy inntil 40 meter			kr -
+ Av dei neste	40 - 999	m	kr 200

Prisane gjeld per pågegynte døgn. Etter første påbegynte døgn bereknast opp til 6 timar som ½ døgn, mens over 6 timar reknast som heilt døgn.

1.5 Passasjer- og køyretøyvederlag

Type	Eining	Einingspris
Passasjervederlag, vinter 01.09 - 31.05	per stk	kr 5
Passasjervederlag, sommar 01.06 - 31.08	per stk	kr 12
MC	per stk	kr 10
Køyretøy under 6 m	per stk	kr 20
Køyretøy 6-12 m	per stk	kr 30
Køyretøy over 12 m	per stk	kr 50

Passasjer- og køyretøyvederlag gjeld per ombord- eller ilandstigande eining.

I tillegg kan følgjande rabatt innvilgast av hamnesjefen etter avtale.

Type	Eining	Rabatt
Nullutslepps framdriftssystem	Prosentpoeng	30 %

Rabattordninga gjeld bruk av anerkjent nullutsleppsteknologi som el- eller hydrogendrift. For hybridløysingar fastsetjast rabatt skjønsmessig mellom 0 og 30 prosentpoeng.

1.6 Varevederlag

Type	Eining	Einingspris
Bulk- og partilaster	tonn	kr 8
Overliggjande varer (utover 48 timar)	m ² /døgn	kr 5

1.7 Avfallsgebyr

Type	Eining	Einingspris
Avfallsgebyr	per anløp	kr 200
Levering av søppel, inntil 1 m ³	m ³	kr 1 000

Pris for å levere større mengder avfall på førespurnad, minimum 24 timar før anløp (vekedagar).

For fartøy med faste anløp til hamn påløper maks eitt avfallsgebyr per måned, samt kostnader etter behov og bruk.



1.8 Straum og vatn

1.8.1 Straum etter forbruk

Type	Eining	Einingspris
Straum	kWh	kr 1.80

Straum vert som hovudregel fakturert etter målt forbruk ved bruk av straum i minimum tre påfølgjande døgn.

1.8.2 Straum – dagsatsar

Type	Eining	Einingspris
Straum - 230 V / 16 A	per døgn	kr 75
Straum - 230 V / 32 A	per døgn	kr 150
Straum - 230 V / 63 A	per døgn	kr 300
Straum - 230 V / 80 A	per døgn	kr 380
Straum - 230 V / 125 A	per døgn	kr 600
Straum - 400 V / 63 A	per døgn	kr 450
Straum - 400 V / 125 A	per døgn	kr 900

Dagsatsar nyttast ved straumforbruk i kortare periode enn tre påfølgjande døgn og ved tilhøve der måling eller fordeling av forbruk ikkje let seg gjere.

1.8.3 Tilgang på ferskvatn

Type	Eining	Einingspris
Ferskvatn	m ³	kr 22
Opp- og nedkopling	per fylling	kr 250

Det er tilgang til vatn på fleire av våre kaianlegg. Yachtar, fritidsfartøy og lokale fartøy har normal bruk av vatn inkludert i kaivederlaget.

1.9 Lift og personell

Type	Eining	Einingspris
Arbeidar, grunnlønn	time	kr 700
Undervannsdroner+pilot	time	kr 1 000
Dykkar	time	kr 2 500
Overtid man-fre 16:00 - 08:00		50 %
Overtid fre-man 16:00 - 08:00		100 %
Lift u/ mann (krav til kompetanse)	døgn	kr 1 000

For prisar med bruk av personell fakturerast minimum to timar.



1.10 Torget i Flåm

Torgplassar i Flåm vert tildelt av hamnevesenet etter søknad. Torget er regulert av forskrift om bruk av kommunalt areal til handel utanom fast utsalsstad – Aurland kommune.

For torget i Flåm er det krav om forskotsbetaling for ein måned ved tildeling av torgplass, deretter månedleg forskotsbetaling.

1.10.1 Torgplass

Type	Eining	Periode	Einingspris
Ein torgplass (4m x 4m)	døgn	01.05-30.09	kr 460
To torgplassar (4m x 8m)	døgn	01.05-30.09	kr 920
Tre torgplassar (4m x 12m)	døgn	01.05-30.09	kr 1 840
Ein torgplass (4m x 4m)	døgn	01.10-30.04	kr 230
To torgplassar (4m x 8m)	døgn	01.10-30.04	kr 460
Tre torgplassar (4m x 12m)	døgn	01.10-30.04	kr 920

1.10.2 Tillegg for tiltak som krev serveringsløyve

Type	Eining	Einingspris
Tillegg for tiltak som krev serveringsløyve, pr. torgplass	døgn	kr 50

Tillegget gjeld alle verksemder med tiltak som krev serveringsløyve på torget.

1.10.3 Tillegg for straum og vatn

Type	Eining	Einingspris
Per 32 A uttak	døgn	kr 140
Per 16 A uttak	døgn	kr 35
Per vatntilkopling	døgn	kr 35



2 Om farvassavgifta

Gjeldande bestemmelsar går fram av [forskrift om innkrevjing av farvassavgift, Aurland, Vestland](#).

2.1 Myndigheit

Farvassavgift er etablert av Aurland kommune i forskrift om innkrevjing av farvassavgift, Aurland kommune, Vestland med heimel i hamne- og farvasslova § 36. I samsvar med forskrifta § 2-2 kan Aurland hamnevesen KF krevje inn farvassavgifta og handheve farvassreglane.

2.2 Mål

Målet med farvassavgifta er å dekke kostnader for kommunen knytt til utøving av offentleg myndigheit relater til hamne- og farvasslova og tilhøyrande forskrifter, samt kostnader knytt til sikkerheit og navigasjon i farvatnet.

2.3 Innkrevjing av avgifta

Farvassavgifta gjeld bruk av farvatnet og vert krevja inn for området dekkja av avgifta, for Aurland kommune gjeld kommunegrensene som grense for hamnedistriktet.

2.4 Informasjonsplikt

Føraren av fartøyet som kjem til hamnedistriktet har plikt til å informere Aurland hamnevesen KF om relevant informasjon for kalkulasjon og innkrevjing av avgifta.

2.5 Grunnlag for berekning

Grunnlaget for berekning av farvassavgifta er fartøyet si bruttotonnasje (BT), slik det går fram av den internasjonale målekonvensjonen av 23. juni 1969.

2.6 Betalingsplikt

Eigar av skipet, reiarlaget og agent er solidarisk ansvarlege for betaling av farvassavgifta jf. hamne- og farvasslova § 40.

2.7 Sjølvkost

Farvassavgifta skal finansiere kostnader, men ikkje ha vesentleg resultatteffekt. Farvassavgifta er betaling for bruk av kommunen sine sjøområde. Avgifter skal dekke kostnader ved utøving av offentleg myndigheit, samt kostnader for å leggje til rette for sikkerheit og framkommelegheit i kommunen sitt sjøområde.



3 Forretningsvilkår

Desse forretningsvilkåra gjeld all aktivitet knytt til Aurland hamnevesen KF si verksemd, forutan cruisebransjen. Pris og forretningsvilkår for cruise er tilgjengeleg på www.flamport.com.

3.1 Hamnetenester

3.1.1 Bruk av hamna sin infrastruktur

Vederlag for infrastruktur er betaling for bruk av kai, kaiareal, fasilitetar og andre anleggsmiddel som tilhører Aurland hamnevesen KF. Pris fastsetjast forretningsmessig med resultat effekt. Dette kan delast inn i følgjande priskategoriar:

- Fortøyingsvederlag. Betaling for bruk av infrastruktur og tenester knytt til fortøyning.
- Kaivederlag. Betaling for bruk skipet si bruk av kaia.
- Sikkerheitsvederlag. Betaling for bruk av offentlege ISPS – terminalar/anlegg.
- Passasjer og køyretøyvederlag. Betaling for bruk av passasjer- og køyretøyfasilitetar.
- Varevederlag. Betaling for varen si bruk av kaia.
- Sal av andre varer og tenester er anskaffa for vidaresal. Pris fastsetjast forretningsmessig.

Avfallsgebyr skal finansiere innkjøp, tenester og andre tilhøve som gebyret gjeld. Avfallsgebyret gjeld skip som anløper offentlig kai. Gebyret gjeld dei renovasjonstenester som Aurland hamnevesen KF stiller til disposisjon etter nærare reglar.

3.1.2 Kaivederlag

Kaivederlag, forutan for yachtar og lystfartøy, vert berekna på grunnlag av fartøyet si bruttotonnasje (BT). For fartøy som ikkje har vorte målt, eller ikkje har gyldig målesertifikat, vil Aurland hamnevesen KF avgjere fartøyet si bruttotonnasje basert på skjønn.

Kaivederlag for yachtar og lystfartøy vert berekna på grunnlag av lengda av fartøyet. For fartøy som ikkje har vorte målt, eller ikkje har gyldig målesertifikat, vil Aurland hamnevesen KF avgjere fartøyet si lengd basert på skjønn.

Alle fartøy som nyttar Aurland hamnevesen KF sine kaianlegg skal betale kaivederlag etter gjeldande prisliste. For fartøy i opplag kan det forhandlast om pris.

Kaivederlag vert betalt per døgn til kai. Tida til kai vert berekna frå fartøyet legg til kai til det går i frå kai. Minstesatsen for kaivederlag er for eitt døgn / 24-timars periode. For tid ut over 24 timar, men under 6 timar, belastast ½ kaivederlag.

Fartøy, selskap og organisasjonar kan gjere avtale med Aurland hamnevesen om bruk av faste kaiplassar på kaianlegga Aurland hamnevesen KF disponerer.

3.1.3 Sikkerheitsvederlag

Sikkerheitsvederlag er lite relevant for andre fartøy enn cruiseskip. For fartøy som ynskjer ISPS-kode, kan sikkerheitsvederlag fastsetjast etter avtale.

Sikkerheitsvederlaget er fartøyet si betaling for dekking av kostnadar til investeringar og drift av sikringstiltak og terrorberedskap og tilhøyrande infrastruktur i hamna i ein normalsituasjon med sikringsnivå 1. I ein situasjon kor sikringsnivået aukar, må fartøyet dekke eventuelle ekstra kostnadar i høve til tiltaka for anløpet.



3.1.4 Passasjer og køyretøyvederlag

Passasjer- og køyretøyvederlag vert krevd for ombord- og/eller ilandstigande passasjerar og/eller køyretøy på Aurland hamnevesen KF sine kaier.

Grunnlaget for berekning av vederlaga er passasjer- og køyretøylyster levert til hamneadministrasjonen frå fartøyet. Mannskap og ikkje betalende gjester skal ikkje inkluderast i berekningsgrunnlaget.

Fullstendige passasjer- og køyretøylyster lyt leverast månadleg, seinast den 10. i månaden etter. Innrapporteringa lyt gjennomførast elektronisk til hamneadministrasjonen. Aurland hamnevesen KF førbeheld seg retten til å kontrollere listene. Ved vesentleg avvik frå innmeldte tal – eller manglande rapportering, vil hamnevesenet leggje til grunn eit berekningsgrunnlag basert på maks kapasitet og/eller skjønn for fartøyet, både for kontrollperioden og seinare periodar.

3.1.5 Avfallsgebyr

I høve produktforskrifta har Aurland hamnevesen KF etablert eit mottaksskjema for avfall og lasterestar frå skip.

Kostnadar knytt til mottak og handsaming av avfall frå skip skal dekkast gjennom innkrevjing av avfallsvederlag frå skip som nyttar hamna. Størrelsen på avfallsvederlaget vert kalkulert på grunnlag av ein minimumskostnad, med tillegg på grunnlag av leverte mengder. Relevante prisar for levering vert tilbydd på førespurnad. Aurland hamnevesen KF tek eit påslag på 25% for vidareformidling av slike tenester.

3.1.6 Informasjon og handsaming av gods

Straks etter avreise og utan behov for purring, skal kunden gi informasjon om gods i den utstrekning Aurland hamnevesen KF treng for å utarbeide statistikk til Statistisk Sentralbyrå – og krevje inn varevederlag.

3.1.7 Varevederlag

Følgjande vederlag vert det ikkje rekna varevederlag for:

- Passasjerar og bagasje
- Proviand, olje og forsyningar til fartøyet sitt eige bruk

Varevederlag gjeld elles alle type varer som vert transportert med fartøy, til eller frå kaier disponert av Aurland hamnevesen KF. Varevederlag for andre typar varer enn dei nemnde i prislista vert oppgjeve på førespurnad.

Varevederlaga dekkjer lagring på kaiareala inntil 48 timar før/ etter lasting/lossing. Etter den tid vil ytterlegare vederlag påløpe i høve prisar for overliggande varer.

Aurland hamnevesen KF kan gjennomføre inspeksjonar av varene, og krevje framsyning av varedeklarasjon og/eller andre relevante dokument.

Umiddelbart etter varetransporten pliktar brukar av hamnetenestene å etterlate seg området rydda og i same stand som før varetransporten. Manglande opprydning vert fakturert etter medgått tid.

3.1.8 Utleige av utstyr og personell

For leige av personell og utstyr over lengre tid kan andre prisar avtalast med Aurland hamnevesen KF i kvart einskild tilfelle.



3.2 Utøvande plikter for brukarar av hamnetenester

3.2.1 Anløpsmelding

Minimum 24 timar før anløp skal anløpsmelding sendast til Aurland hamnevesen KF, og for dei fartøya det gjeld, lyt tilsvarande melding rapporterast i SafeSeaNet.

3.2.2 Samhandling

Lokale fartøy i hamnedistriktet pliktar å opplyse kva fartøy og rutetider som vert nytta i forkant av kvar sesong, og følgje instruks frå hamnevesenet i høve plan om kaidisponering. Vidare pliktar fartøyet å følgje instruksar og pålegg gjeve av hamnevesenet i både hamn og farvatn i Aurland kommune, til dømes i høve bruk av taubåt/fortøyingsassistanse, oppankring, flytting av fartøy frå planlagt plass, gjennomføring av bunkring, rapportering av last- og avfallsstatistikk mv.

Ved skade på hamn, hamneanlegg eller innretningar pliktar fartøyet å melde frå til hamnevesenet utan unødig opphald.

I samarbeid med hamnevesenet lyt fartøyet leggje til rette kaiarealet for å sikre ei best mogeleg avvikling av passasjer- og køyretøylogistikk.

Lokale fartøy pliktar å ta omsyn til andre fartøy sine behov. Andre fartøy som ynskjer kaiplass får dette av hamnevesenet så langt det er praktisk mogeleg. Rutegående trafikk er prioritert, men det må likevel visast fleksibilitet frå oppsett kaipplan. Hamnevesenet avgjer både mellombelse og varige omdisponeringar i høve oppsett plan om kaidisponering.

3.2.3 Miljø og tryggleik

Fartøyet pliktar å ikkje liggje med propellane i gang til kai, og manøvrere forsiktig slik at propellvatnet ikkje orsakar skade. Ved kai skal maskiner haldast avsegne så lenge som mogeleg ved kailigge, og dei skal stengast av så snart det er mogeleg etter ankomst kai.

Fartøy til kai skal forsvarleg stenge utløpsopningar som vender mot kai så spillvatn, damp eller liknande ikkje valdar fare eller er til unødig sjenanse. Fartøy skal heller ikkje sleppe ut sot eller røyk som kan medføre skade eller vere til unødig sjenanse for hamneverksemda.

Fartøy skal utvise aktsamheit og avpasse farta etter fartøyet sin storleik, konstruksjon, manøvreringsevne, farvasstilhøva og gjeldande fartsavgrensingar – slik at det ikkje oppstår skade ved bølgeslag, eller på annan måte oppstår fare for skade på personar, derunder badande, andre fartøy, strandlinjer, kaier, akvakulturanlegg og omgjevnadane elles.

3.3 Generelle forretningsvilkår

3.3.1 Prisvilkår

Kunden skal betale avgifter, gebyr og vederlag i samsvar med gjeldande prislister. Alle prisar i dette dokumentet er oppgitt i norske kroner (NOK) og er eksklusiv meirverdiavgift og eventuelle andre avgifter dersom ikkje anna er oppgitt.

Dersom pris er oppgitt i annan valuta enn Norske kroner (NOK), ber Kunden risikoen for valutaendringar mellom norske krone og den oppgjevne valuta i tidsrommet frå tilbodet vart gjeve til betalingsdag.

3.3.2 Tilbodsvilkår

Når Aurland hamnevesen KF gir eit tilbod til kunden skal det sjåast på som uforpliktande inntil kunden sin aksept av tilbodet er kome hamnevesenet i hende.



Alle tilbud som Aurland hamnevesen KF gjev er oppgjevne i norske kroner (NOK) og er eksklusiv meirverdiavgift og eventuelle andre avgifter dersom anna ikkje er oppgjeve.

3.3.3 Betalingsvilkår

Aurland hamnevesen KF sitt tilgodehavande ovanfor sine kundar forfell til betaling 15 dagar frå fakturadato, om ikkje anna er avtalt.

Aurland hamnevesen KF utstedar faktura som EHF eller PDF. For utsending av papirfaktura tilkjem fakturagebyr ved utsending av fakturaen. Dette vil då kome fram som eigen post på fakturaen.

Kunden pliktar å informere om riktig fakturaadresse og halde Aurland hamnevesen KF informert om eventuelle endringar av fakturaadressa. Omfakturering som følgje av at kunden har misleghalde sin informasjonsplikt frittek ikkje kunden frå plikt til å betale i rett tid i høve opprinneleg faktura.

Dersom kunden ikkje betalar fakturaen i rett tid, har Aurland hamnevesen KF rett til å krevje forsinkelsesrente etter lova og purregebyr etter innkassolovgivinga, jamfør kapittel 3.3.6.

For at feil i ein faktura eller anna betalingskrav frå Aurland hamnevesen KF skal kunne gjerast gjeldande mot hamnevesenet, må det reklameras utan ugrunna opphald.

3.3.4 Sikkerheitsstilling

Aurland hamnevesen KF kan krevje forskotsbetaling, bankgaranti eller annan relevant sikkerheit for dei tenester som skal leverast. Inntil betaling eller annan sikkerheitsordning er etablert, har Aurland hamnevesen KF rett til utan føregåande varsel å innstille iverksette hamnetenester eller nekte segling inntil krav om betaling eller annan sikkerheitsordning er etablert.

3.3.5 Meirverdiavgift (mva)

Meirverdiavgifta fastsetjast i høve lov om meirverdiavgift med forskrifter. Alle prisar er eksklusiv meirverdiavgift dersom ikkje anna går fram av prisliste, tilbud, leigeavtale eller forskrift om farvassavgift.

3.3.6 Innkrevjing etter lova

Skuldig farvassavgift fastsett i forskrift om farvassavgift i Aurland kommune, Vestland er tvangsgrunnlag for utlegg. Krav som kommunen har mot reiarer etter § 36 i hamne- og farvasslova, har panterett i skipet etter reglane om sjøpanterett i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjølova).

3.3.7 Privatrettslege reglar

Dei hamnetenester som ikkje er gebyr eller avgift etter hamne- og farvasslova følgjer vanlege privatrettslege reglar.

3.3.8 Regulering av prisar

Prisane som er oppgjevne i prislista gjeld for eitt kalenderår om gongen, dersom ikkje anna blir bestemt av riktig myndigheit i Aurland hamnevesen KF si verksemd.

Det kan føretakast regulering av gjeldande prisliste til ei kvar tid, dersom det oppstår tilhøve som gjev uheldige konsekvensar for Aurland hamnevesen KF når tilhøva ikkje var kjent når prislista vart vedteken i styrande organ.

3.3.9 Reklamasjon

Dersom kunden vil halde Aurland hamnevesen KF erstatningsansvarleg for skadar, forseinking eller har andre krav knytt til hamnetenestene skal detta framsetjast for Aurland hamnevesen KF skriftleg utan ugrunna opphald. Innsigelsar og krav kan ikkje gjerast gjeldande seinare enn tre månader etter den dagen då kunden fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til tilhøvet som grunnjev kravet.



3.3.10 Tvistar, lovval og verneing

Partane sine rettar og plikter i høve gjeldande bestemmelsar vert regulert i sin heilskap av norsk rett. Sogn og Fjordane tingrett er verneing for alle rettsvistar knytt til Aurland hamnevesen KF og tolking av gjeldande bestemmelsar.